



VÅRT NESTTUN
Solåsen 53A
5223 NESTTUN

Dato: 28.04.2016
Vår ref.: 2016/18-105
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til friluftsføremål 2016 kap. 1420 post 78 – Vårt Nesttun – Birkelandsvatnet Turområde

Det vert vist til dykker søknad med frist 01.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til friluftsføremål. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka i møte 13.4.2013 – søknaden fekk dverre avslag.

Grunngjeving

Klima og miljødepartementet har sett av kr 55 mill. til ordninga for 2016. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 1.750.000 til vidare fordeling. Det kom inn 48 søknader med ein samla kostnad på kr 12.017.105, søknadssum på kr 2. 889.797 og tiltak i 19 kommunar.

Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fordeling av tilgjengelege midlar. Tildelinga er sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dykker søknadar vart vurdert saman med andre søkjavar opp mot retningslinene for ordninga. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

Tiltaket omhandlar strukturelle tiltak som ikkje vert prioritert i høve til retningslinjene i denne tilskotsordninga. oppbygging og grusing av sti, Hogging av skog, legging av tak på Grindabygg, bygging og tilrettelegging av brygge for fisking, og tilretteleggje for rasteplassar er ikkje direkte aktivitetsretta tiltak i høve retningslinjene i denne ordninga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak er lagt ved.

Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til friluftslivsaktivitet, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven. Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påkalla vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følger av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Eirik Knive på epost eirik.knive@hfk.no eller tlf. 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykker arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift